

gavlen

2017 - 37. årgang

Sunnmøre Museum Sunnmøre Museumslag



Runde fyr 250 år

Av Frode Pilskog

Den langreiste modellen

Gjennom ei luke i veggen kan ein sjå han. Modellen av Runde fyr. Modellen syner fyrstasjonen slik han såg ut på byrjinga av 1900-talet. Allereie på den tid var fyrstasjonen gamal og inneheldt restar av ei mangslungen fortid. I år fyller Runde fyr 250 år. Vi kan starte vårt nærblikk på fyret gjennom modellen til Dalsfjord Fyrmuseum.

For 20 år vart leiaren i Dalsfjord sogelag kontakta: Hadde museet i Dalsfjord ein modell av eit fyr? Svaret var ikkje uvanleg i Dalsfjord «Nei, det har vi ikkje, men det kan vi ordne!». Leiar Sverre Lillestøl (1938-) var ei av drivkreftene bak Sogelaget ved Dalsfjord skule og Dalsfjord Fyrmuseum. Han gjekk laus på oppgåva med å lage modell. Her vart det teke fram kryssfiner, jernbeslag og store mengder byggskum. Elektrikar måtte også kontaktast. Lyset skulle blinke med akkurat same karakter som fyret. Utfordringa gjekk på å lage ein modell som var lett i vekt, men samstundes tålte lang frakt. Etter fleire månadar med arbeid kunne modellen sendast av garde.

I 1998 vart modellen stilt ut på Verdsutstillinga i


Lisboa, Expo 98. Dette som ein del av den norske paviljongen. Modellen synte korleis ein fyrstasjon i Norge såg ut. Målsettinga var å syne fram Norge som ein havnasjon og ein pådrivar innan miljøarbeid.

Runde, første fyrstasjon nord for Stadt.

I 1767 vart det utsteda eit kongeleg løyve frå København. Byfut P. F. Koren frå Kristiansund fekk setje opp eit fyr på Runde. Det femte fyret i Norge vart til ved oppsettinga av ei om lag 250 kg tung fyrgrøte på den vestlege sida av Rundebranden. Skip som sigla forbi måtte betale avgifter, som vart samla inn av byfuten. Eit av unntaka var jekter og tilsvarande. Dei fekk sigle gratis.

Drifta av fyret var nok eit strabasjøst arbeid. Kolet måtte fraktast frå Goksøyr og torva måtte spadast og tørkast ved dei nærliggjande myrane. Det var mange klager blant dei sjøfarande. Fyret var ikkje lett å sjå, særleg ikkje ved havtåke.

I 1807 tok staten over fyrstasjonen. Leiar for Søkortarkivet, Paul Løwenørn, teikna ein fyrstasjon lenger ned. Det skulle bli eit nymotens fyr med



Fyrtårnet av støypejern frå 1858 var i si tid eit av landets høgste. Foto: R. Albertsen



Modellen syner fyrstasjonen på Runde på byrjinga av 1900-talet. Foto: R. Albertsen

parabole speil. Fyret skulle ligge inne i fyrvaktarbusstaden. Napoleonskrigane og unionsoppløysinga var årsakar til at planane vart hindra. I staden vart fyrgrøtta i 1815 flytta litt lenger ned mot Kvalneset, til dagens fyrstad.

Kolblussfyret 1826-1858

I 1825 byrja arbeidet med å setje opp eit kolblussfyret. Arbeidet vart leia av to marineoffiserar og to

murarmeistrar frå Kristiania. Mange av arbeidarane kom frå Kristiania. Blant sunnmøringane som deltok var Ole Gammelsen Mork frå Volda. Han fortalte at arbeidarane frå Kristiania sokk i kne då dei skulle bere kalk over fjellet.

På modellen ser ein det åttekanta fyret med lukka kolblussfyret. Det vil seie at elden brann innomhus. Opningane i underkanten var lufting som vart opna eller lukka avhengig av vindretning.

I tillegg vart det bygt fyrvaktarbustadar, fjøs, kollager, smie og naust. Kva årstal dei ulike bygningane vart bygt, kjenner eg ikkje til.

Støypejarnstårnet 1858-1935


I 1858 vart det sett opp eit fyrtårn av støypejarn på Kvalneset. Det var berre fire år etter det fyrste støypejarnsfyret vart introdusert i Norge. Med sine 27 meter var fyrtårnet i si tid eit av dei høgste i landet. På modellen ser fyrtårnet ikkje så høgt ut. Det skuldast at toppen på fyrtårnet vart teke ned i 1910, flytta og sett opp att som Sklinna fyr. Under den andre verdskrigen vart meir av det staslege støypejarnstårnet frå Bærums Verk fjerna. Berre eit dagmerke står att i dag.

Betongfyret, 1935-

Det som manglar på modellen er dagens fyrtårn. I 1935 vart restane av det gamle kolblussfyret sprengt bort og det vart sett opp eit nytt fyr av betong på same staden. Arbeidet vart leia av Elling Ulvestad frå Syvde. Arbeidet vart gjort som eit naudarbeid, så mange av arbeidarane kom frå Herøy. Samstundes gjennomførte ein arbeid på Grasøyane. Det var mykje å halde styr på for formannen.

Det nye betongfyret var elektrifisert og ein flytta over fyrlynsa frå det gamle støypejarnstårnet over til det nye betongfyret. Lyset skin frå denne linsa den dag i dag.

Fyrstasjonen vart automatisert og fyrvaktarane flytta frå fyret i 2002. No har Kystverket gjort fyret tilgjengeleg og DNT held ope for turgåarar. Medan modellen har teke reisa tilbake til Dalsfjord og kan no opplevast i utstillinga til Dalsfjord Fyrmuseum.



Modellbygger Sverre Lillestøl i Dalsfjord 1999. Foto: Kjell Viken